



# Regionalt miljøprogram i Rogaland

2023–2026

Regionalt miljøprogram gir føringar for regionalt miljøtilskot i jordbruket og tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).



Tittel : Regionalt miljøprogram i Rogaland 2023–2026

Dato : xx.xx.xxxx

Kontaktperson : Monica Dahlmo

Arkivnummer : Xxx

Emneord : RMP, regionalt miljøtilskot

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Tal på sider : Xxx

Til høyring

## 1 Forord

Kva er dei største miljøutfordringane i jordbruket i Rogaland? Og kva miljøtiltak kan jordbruksføretaka i fylket få økonomisk støtte til? Regionalt miljøprogram skal vere med på å gi svar på dei spørsmåla. Noreg er eit langt land, og trykket frå dei ulike miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke. Regionalt miljøprogram blei innført i 2005 for å styrke innsatsen i jordbruket på miljø, og har sidan vore eit verkemiddel finansiert over jordbruksavtalen. Statsforvaltaren har ansvar for å utarbeide fireårige program, for å forvalte regionalt miljøtilskot i jordbruket og for å tildele kommunane midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket, SMIL.

I Rogaland involverer arbeidet Rogaland bondelag, Rogaland bonde- og småbrukarlag, Rogaland fylkeskommune, kommunal landbruksforvaltning og Norsk landbruksrådgiving Rogaland.

Regionalt miljøprogram gir føringar for regionalt miljøtilskot i jordbruket og tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Den inneheld strategiar for å oppnå miljømål i planen. Her er prosjektmidlar frå klima- og miljøprogrammet, KMP inkludert.

## 2 Innhald

1	Forord .....	3
3	Rammevilkår .....	5
3.1	Nasjonal politikk .....	5
3.2	Nasjonal instruks for regionale miljøtilskot .....	5
3.3	Nasjonale føringar for Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) .....	6
3.4	Føringar for regionale midlar til klima- og miljøtiltak, KMP .....	6
3.5	Regionalplanar .....	6
3.6	Juridiske verkemiddel .....	7
3.7	Økonomiske verkemiddel relevant for jordbruk og miljø .....	8
4	Mål, strategiar og tilskotsordningar .....	10
	Mål 1: Ta vare på viktige kulturlandskap .....	11
	Mål 2: Fremme biologisk mangfald i jordbruket .....	13
	Mål 3: Skjøtte kulturminne og kulturmiljø i jordbruket .....	16
	Mål 4: Gode turopplevingar i kulturlandskapet .....	18
	Mål 5: God jordhelse .....	19
	Mål 6: Redusert forureining frå jordbruket .....	20
	Mål 7: Klimaomstilling i jordbruket .....	23
5	Kort omtale av jordbruket i Rogaland .....	24
5.1	Nokre figurar om jordbruket i Rogaland .....	26
5.2	Beitebruk .....	27
6	Jordbruket i Rogaland sine miljøutfordringar .....	28
6.1	Produksjonsgrunnlaget .....	28
6.2	Naturmangfald .....	28
6.3	Klimaomstilling .....	30
6.4	Vassmiljø .....	32
6.5	Tap av kulturverdiar .....	32
6.6	Økologisk produksjon .....	34
6.7	Regenerativt landbruk .....	35

### 3 Rammevilkår

#### 3.1 Nasjonal politikk

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar er eit av fire hovudmål for landbruks- og matsektoren. Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal bidra til å halde ved lag kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga frå jordbruket. Nasjonalt miljøprogram og regionale miljøprogram skal følgje opp Stortingsmelding [Meld. St. 11 \(2016-2017\) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon](#). I Nasjonalt miljøprogram for 2023–2026 kan du lese meir om dei internasjonale og nasjonale føringane for klima- og miljøarbeidet i jordbruket.

Seinare tids jordbruksoppgjer har styrka satsinga på miljø og klima, og det er i dei årlege jordbruksoppgjera Rogaland får vite økonomisk ramme for regionalt miljøprogram og SMIL. Her kan det også bli gitt detaljerte føringar for regionalt miljøtilskot.

Matsikkerheit og beredskap	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar
Sikre forbrukarane trygg mat Auka matvareberedskap God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane	Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling Leggje til rette for rekruttering i heile landet Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift	Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar Vidareutvikle Noreg som matnasjon Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder	Redusert forureining frå landbruket Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO <sub>2</sub> og gode klimatilpassingar Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet
Ei effektiv landbruks- og matforvaltning			
Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken			
Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar			

Figur 1. Mål for landbruks- og matsektoren. Kjelde: regjeringen.no

#### 3.2 Nasjonal instruks for regionale miljøtilskot

Landbruksdirektoratet utarbeider på oppdrag frå Landbruks- og [matdepartementet instruks for utforming av regionale miljøprogram](#). Instruksen definerer alle miljøtiltaka regionalt miljøprogram kan innehalde, og gir føringar for lokal forskrift om regionalt miljøtilskot i

Rogaland. Statsforvaltaren i Rogaland må følgje instruksen ved utforming av Regionalt miljøprogram i Rogaland 2023–2026.

### 3.3 Nasjonale føringar for Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Føringar for SMIL blir gitt i dei årlege tildelingsbrev fra kommunal og distriktsdepartementet, KDD til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren skal rettleie og fordele økonomisk ramme til kommunane. Ved fordelinga til kommunane skal Statsforvaltaren legge særleg vekt på:

- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i kommunen
- storleik på kommunen i areal, omfang av tiltak og tal eigarar og drivarar
- variasjonar i behov frå år til år, saman med omsyn til føreseigelegheit og kontinuitet
- lokale retningslinjer som omtaler lokale miljøutfordringar og prioriterer miljøtiltak
- realistiske budsjettforslag/kostnadsoverslag

Statsforvaltaren skal bidra til at kommunane prioriterer tiltak med god miljøeffekt. Kommunen skal lage lokale retningslinjer/tiltaksstrategiar for SMIL der miljøutfordringar og prioritering av miljøtiltak er omtalt. Klimatilpassing, inkludert hydrotekniske tiltak, skal prioriterast der behova er store. Tiltak for ville pollinerande insekt og trua natur bør også vektleggast.

### 3.4 Føringar for regionale midlar til klima- og miljøtiltak, KMP

Prosjekt som kan bidra til å løyse våre regionale utfordringar på klima- og miljøområdet kan få økonomisk støtte frå Statsforvaltaren i Rogaland. Midlane kjem frå Klima- og miljøprogrammet, KMP.

Regionale midlar frå Klima- og miljøprogrammet skal bidra til å nå måla i landbrukspolitikken på klima- og miljøområdet. Tilskotet skal nyttast til prosjekt som bidreg til å løyse dei regionale utfordringane. Statsforvaltaren i Rogaland skal lyse ut midlane på sin heimeside når økonomisk ramme er kjend. I årleg utlysing av midlar kan Statsforvaltaren i Rogaland gjere faglege prioriteringar, som gir grunnlag for å prioritere mellom innkomne søknadar. Det overordna målet er: Matproduksjonen basert på god ressursbruk og med minst mogleg forureining, tap av naturmangfald og klimaavtrykk.

### 3.5 Regionalplanar

I Rogaland har vi fleire regionalplanar som regionale organ skal legge til grunn i si verksemd, og som gir føringar for regionalt miljøprogram. Mellom anna:

- [Regionplan for vannforvaltning 2022-2027](#)
- [Regionalplan for klimatilpassing](#)
- Regionalplan for kulturmiljø, i prosess, ferdig 2022
- Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024

[Oversikt over regionalplanar](#) er å finne på heimesida til Rogaland fylkeskommune.

### 3.6 Juridiske verkemiddel

Omsyn til miljø og klima er nedfelt i dei juridiske verkemidlane som gjeld spesifikt for jordbruket, og i tverrsektorale reglar som t.d. naturmangfaldlova, forureiningslova, plan- og bygningslova og vassforskrifta. Kommunane er førsteinstans for saker etter sektorregelverket. Kommunane fører tilsyn med reglane for bruk og lagring av organiske gjødselvarer og gjødslingsplanlegging. Dei behandlar mellom anna søknadar om produksjonstilskot i jordbruket, om nydyrking og bygging av landbruksvegar. Vi gir her oversikt over regionale forskrifter og retningslinjer.

#### 3.6.1 Lokal forskrift om spreieperiode for organisk gjødsel

Det er i Rogaland vedteke lokal forskrift for kommunane; Hå, Time, Sandnes, Stavanger, Randaberg, Gjesdal og Klepp, som innskrenkar siste frist for bruk av organisk gjødsel på jordbruksareal til 1. september. Forskrifta er utarbeidd fordi kommunane ligg i område med alvorleg forureining frå jordbruket til vassdrag.

Kommunane; Sola, Karmøy, Haugesund, Tysvær og Vindafjord ligg også i område med alvorleg forureina vassdrag, men har ikkje vedtatt lokal forskrift som innskrenkar spreiefristen.

Ingen kommunar i Rogaland har lokal forskrift med utsett frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding. Eigersund kommune hadde i 2022 høyring om utsett frist til 15. september, men kommunen vedtok å halde på dagens frist, 1. september.

#### 3.6.2 Lokal forskrift om regionale krav om miljøforsvarleg drift av jordbruksareal


Statsforvaltaren er delegert myndigheit etter jordlova § 11 til å fastsette krav til miljøforsvarleg drift av jordbruksareal. Regionale krav kan innførast på bakgrunn av miljøtilstand i vassdrag eller på bakgrunn av arealtilstanden. Krava må vere i tråd med føremålet med jordlova, noko som inneberer å finne løysningar som bl.a. er driftsmessig gode, miljøforsvarlege og som vernar om jordsmonnet. Det medfører at eventuelle krav må utformast i en balanse mellom omsyn til jordbruksproduksjon og miljø. Per 2022 er det ikkje slik forskrift i Rogaland, og Statsforvaltaren er i prosess med å vurdere innføring av krav i område med store erosjonsutfordringar.

#### 3.6.3 Verkemiddel i plan- og bygningslova til å sette miljøomsyn

Kommunane kan sette miljøomsyn i arealplanlegginga, og vi viser til [Miljødirektoratet si rettleiing på temaet](#). Fleire kommunar i Rogaland har mellom anna gitt føringar for breidda på kantvegetasjon i arealdelen av kommuneplanen, lagt inn omsynssoner for naturmiljø og gitt føringar for plassering av anlegg opp mot vassførekomstar.

### 3.7 Økonomiske verkemiddel relevant for jordbruk og miljø

Det er ulike økonomiske verkemiddel for å fremje miljømål i jordbruket. Figur 2. gir oversikt over nokre av verkemidla.



Figur 2. Oversikt over relevante økonomiske verkemiddel for jordbruket i Rogaland

#### 3.7.1 Informasjon om regionalt miljøtilskot

Alle jordbruksføretak kan søke tilskot for å gjere miljøtiltak på eigen gard eller leigejord. I Rogaland kan dei søke frå 15. september til 15. oktober på tiltaka som er gjort i årets vekstsesong. Føretaka må drive vanleg jordbruksproduksjon. Beitelag i Rogaland kan søke tilskot til drift av beitelag.

Jordbruksføretaka har rett på regionalt tilskot dersom dei oppfyller vilkåra for dei ulike ordningane, og dersom dei har søkt på rett måte til rett tid. Føretaka søker på grunnlag av førebelse tilskotssatsar. Kommunane behandlar søknadane og rettleier om tilskotet.



Statsforvaltaren har ansvar for å justere endelege tilskotssatsar når endeleg søknadsomfang er kjend. Søkarane får utbetalt tilskota i februar-mars året etter.

### **3.7.2 Informasjon om Spesielle miljøtiltak i jordbruket, SMIL**

Den som eig eller leiger ein landbrukseigedom med vanleg jordbruksproduksjon kan søke SMIL-tilskot. Både privatpersonar og jordbruksføretak kan søke tilskot. Leigetakar må ha godkjenning frå eigar for å kunne søke. Søknad om tilskot skal rettast til kommunen tiltaket ligg i, og kommunen behandlar søknaden i tråd med sine retningsliner for tilskot. Tilskotet kan løyvast til tiltak som fremmer natur- og kulturverdiar i jordbruket og reduserer forureining frå jordbruket. I Rogaland er særleg tiltak som reduserer forureining til vassdrag og tiltak som fremmer biologisk mangfald prioriterte. Nødvendige godkjenningar etter annet regelverk for å utføre tiltaket må vere på plass før kommunen kan løyve tilskot til gjennomføring.

Kommunane i Rogaland skal ha lokale retningsliner som speglar miljøutfordringane i kommunen. Miljøutfordringar som er prioriterte i Regionalt miljøprogram skal vere prioriterte i dei lokale retningslinene når dei er relevante.

Regionalt miljøprogram gir føringar for Statsforvaltaren sin fordeling av SMIL-midlar til kommunane. Statsforvaltaren prioriterer kommunar med høg aktivitet og målretta bruk av tilskotsmidlane.

### **3.7.3 Informasjon om regionale midlar frå klima- og miljøprogram, KMP**

Alle føretak, lag og organisasjonar som arbeider med kunnskapsutvikling eller kunnskapsformidling kan søke om tilskot. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar i driftsmidlar som kan omsettast på marknaden etter prosjektslutt. Statsforvaltaren kan støtte opp til 70 prosent av den totale kostnadsramma. Det kan maksimalt løyvast kr 200 000 i støtte til eit prosjekt. I særlege tilfelle kan Statsforvaltaren fråvike krav om eigenandel og maksimalt tilskot. Søkjarar skal sende søknaden på elektronisk søknadsskjema i Altinn.

Søkjarar må bruke tilskotet i samsvar med vilkåra for tildelinga. Vilkåra og frist for gjennomføring går fram av vedtak om prosjektstøtte. Fristen for gjennomføring kan vere inntil tre år frå vedtaksdato. Dersom prosjektet ikkje er gjennomført innan gitt frist, kan søkjar miste retten til tilskot.

## 4 Mål, strategiar og tiltaksordningar

Overordna mål: **Regionalt miljøprogram skal stimulere til eit aktivt og berekraftig jordbruk som tek vare på kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet, kulturminne og som stimulerer til opplevingar i landskapet og reduserer tap til luft og ureininga til jord og vatn.**

Det er omtalt tiltak med bruk av regionalt miljøtilskot, spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL) og midlar frå klima- og miljøprogrammet (KMP). Vi gjer merksam på at det er andre finansieringsordningar som ikkje er ein del av verkeområdet til regionalt miljøprogram, og som difor ikkje er omtalt.

KAPITTELET ER BYGD OPP MED

- MÅL
- STRATEGI
- TILTAK



## Mål 1: Ta vare på viktige kulturlandskap



Jordbruk i heile fylket er ingen sjølvfølge, bøndene i Rogaland kan ikkje bli tatt for gitt. Nasjonal politikk, dei «store midlane»-produksjonstilskot i

jordbruket, er saman med målpris og tollvern dei viktigaste verkemidla for eit levande landbruk i heile Noreg, og i heile Rogaland.

Regionalt miljøtilskot er avgrensa til å gjelde dei aller mest utsette områda, og områda med særskilt regional betyding.

### Strategi 1.1 Prioritere tilskot til areal med driftsvanskar

#### **Regionalt miljøtilskot til skjøtsel av bratt areal**

Tilskotet blir gitt til skjøtsel av alt jordbruksareal (innmarksbeite, fulldyrka og overflatedyrka jord) med helling 1:5 eller brattare. Tilskotet er relevant i heile Rogaland. For å avgrense tilskotet er det krav om at søkar minimum må drifte 15 dekar bratt innmarksbeite for å ha rett på tilskot til skjøtsel av bratt innmarksbeite.

#### **Regionalt miljøtilskot til organisert beitebruk**

Beitelag som er registrerte i einingsregisteret kan søkje tilskot til drift av beitelaga. Midlane skal gå til fellestiltak som fremmer beitebruk. Følgjande regionale krav gjeld:

- Beitelaget skal vere opent for brukarar som har tilgang til utmarksbeitet, og der samarbeid kan fremje bruk av beiteområdet.

- Nyregistrerte lag skal ha minst 5 medlemmar og 300 småfeeiningar.
- Etablerte lag skal ha minst 3 medlemmar og 150 småfeeiningar.
- Laget må organisere beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret.
- Laget skal sørge for at beiteområdet blir inspisert minst ein gong kvar veke. Opplysningar om gjennomført tilsyn med dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk skal laget notere ned.
- Laget skal saman med søknaden om tilskot levere inn ein overordna rapport som minimum inneheld: dato for årsmøte, sum midlar på konto per 1. november i søknadsåret, kort om aktiviteten i beitelaget.



**Strategi 1.2. Prioritere område som er særst viktig for turisme eller har særlege kulturhistoriske verdiar**

***Regionalt miljøtilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark***

Tilskotet gis til beiting og slått av jordbruksareal i følgjande område:

- a. Suldal kommune: Litlehamar, Klungtveit, Mogleiv, Lali, Hamrabø
- b. Lysefjorden: jordbruksareal øst for Lysefjordbrua
- c. Bjerkreim kommune: Dyrskog ved Ørdsalsvatnet.

Det skal vere normal drift av jordbruksareala.

***SMIL-midlar til restaurering til verneverdige bygningar og kulturlandskapselement***

Eigarar av landbrukseigedomar kan søke kommunen om SMIL-midlar til utvendig restaurering av verneverdige bygningar så lenge jordbruksareala på eigedomen er i aktiv drift. Byantikvar eller andre

faginstansar med tilsvarende kompetanse bør involverast i saksbehandlninga. Bygga skal restaurerast etter antikvariske prinsipp. Det kan også søkast kommunen om SMIL-midlar til restaurering av kulturlandskapselement som til dømes steingardar, geiler, bakkemurar ol. Det skal normalt sett ikkje løyvast SMIL-midlar til oppføring av nye steingardar.



Hamrabø i Suldal kommune er eit av fleire område med regionalt miljøtilskot til drift av verdifulle jordbrukslandskap.  
Foto: Nono Dimby

## Mål 2: Fremme biologisk mangfold i jordbruket



Naturmangfold som er skjøtelsavhengig er sårbar, både for stans i skjøtsel og for intensivering av drifta. Regionalt miljøprogram skal

legge til rette for gode og frivillige løysningar. Jordbruksføretaka skjøttar store delar av landareala i Rogaland, og er avgjerande for å ta vare på naturmangfoldet i fylket.

### Strategi 2.1 Prioritere tilskot til skjøtsel av sårbare naturtypar og artar

#### *Regionalt miljøtilskot til slått av slåttemyr og slåttemark*

Tilskotet blir gitt til areal registrert i Naturbase som slåttemyr eller slåttemark. Skjøtselen skal vere i tråd med

skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

#### *Regionalt miljøtilskot til beiting av kystlynghei*

Store delar av utmarksområda i ytre del av Rogaland, som ligg ved jordbruksareal, er kystlynghei. Tilskotet blir gitt til areal registrert i Naturbase som kystlynghei, og tilskotssatsen blir sett ut frå arealkvaliteten. Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot. Dyra må beite områda i minst ti veker.

#### *Regionalt miljøtilskot til brenning av kystlynghei*

Tilskotet blir gitt til areal som kvalifiserer for tilskot til beiting av kystlynghei. Brenninga må vere forsvarleg og i tråd med lokale brannforskrifter. Brenninga skal vere utført slik at kystlyngheia blir ivaretatt eller forbetra, og det skal søkast å oppnå ein mosaikk med kystlynghei av ulik alder. Lokalt brannvesen skal vere kontakta i forkant av brenninga, og det skal på førehand utarbeidast brannplan



Brenning av kystlynghei, Austbøheia på Rennesøy. Foto: Nono Dimby

for arbeidet. Det skal gå minst 10 år mellom kvar brenning av same område.

#### **Regionalt miljøtilskot til skjøtsel av biologisk verdifulle areal**

Det kan gis tilskot til å skjøtte myr som ligg ved jordbruksareal. Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

#### **Regionalt miljøtilskot til skjøtsel av trua naturtypar**

Det kan gis tilskot til beiting og slått av naturtypane hagemark og naturbeitemark. Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

#### **Regionalt miljøtilskot til skjøtsel av styvingstre**

Det kan gis tilskot til styvingstre det året det blir styva. Med styving meinast i denne samanheng beskjerjing av nye skot på etablerte styvingstre. Dei som ønskjer å etablere nye styvingstre vil berre få tilskot dersom desse erstattar eldre styvingstre som dør, og dei nye trea må inngå i eit miljø med eldre styvingstre. Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.



#### **Regionalt miljøtilskot til tilrettelegging av hekke og beiteområde for fugl**

Det kan gis tilskot til vipestriper på jordbruksareal og til våtmarksbeiting av definerte område.

Tilskot til etablering av vipestriper kan gis til dei som innan 1. mars same år melder interesse til kommunen eller Statsforvaltaren. Tilskotet blir gitt for å jordarbeide ein sone på etablert fulldyrka areal rett ved/inntil eit opent areal som t.d. innmarksbeite, myr, open fastmark o.l. Området må vere opent og ikkje tresatt. Sona må minst vere 2 dekar. Pløyinga skal vere gjort før 20. mars, og arealet må ligge urørt fram til 1. juni. Dette må vere i eit område som i utgangspunktet er attraktivt for hekking av vipe.

Tilskot til våtmarksbeiting kan gis i utvalde område som er kartfesta i [www.temakart-rogaland.no/rmp](http://www.temakart-rogaland.no/rmp). Beitinga skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonserte i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

#### **SMIL-tilskot til restaurering av kystlynghei**

Kommunane kan gi SMIL-tilskot til restaureringsbrenning og fjerning av kratt og liknande til attgrodd kystlynghei. Kommunen kan sette vilkår i tilskotet om utføring av arbeidet.

#### **SMIL-midlar til restaurering av naturtypar**

Kommunen kan løyve SMIL-midlar til å hogst og stell av attgrodde areal med registrerte naturtypar. Kommunen kan også gi SMIL-midlar til restaurering av eldre styvingstre. Restaureringa må gjerast med sikte på å legge til rette for skjøtsel som gagnar naturtypen. Kommunen kan sette vilkår om utføring av arbeidet.

#### **SMIL-midlar til inngjerding**

Kommunane kan løyve SMIL-midlar til å gjerde inne areal med viktige naturtypar

for å legge til rette for målretta skjøtsel gjennom beiting. Kommunen bør stille krav om 10 års vedlikehald av gjerdene ved tildeling av tilskot, og det skal føreligge løyve frå grunneigar. Søkar bør sette seg inn i gjerdeplikta for området. Innkjøp av elektronisk utstyr som er omsetteleg, t.d. NoFence blir ikkje støtta av SMIL-midlar.

#### ***SMIL-midlar til utarbeiding av skjøtelsplanar***

Kommunane kan løyve SMIL-tilskot til utarbeiding av skjøtelsplanar. Kartlegging av naturtypar kvalifiserer isolert sett ikkje for SMIL-tilskot. Kostnadar til kartlegging kan inngå i ein SMIL-søknad om skjøtelsplan med konkrete tiltak.

#### ***SMIL-midlar til båtfrakt av sau***

Jordbruksføretak som samarbeider for å frakte sau på båt til beiteområde med viktig naturmangfald kan søkje kommunen om SMIL-midlar.

#### ***SMIL-midlar til miljøplantingar***

Kommunen kan løyve SMIL-midlar til planting i kantsoner for å ivareta biologisk mangfald, leplanting mot vind eller for å hindre erosjon og avrenning mot vassdrag.

### **Strategi 2.2 Fremje betre levevilkår for ville pollinatorar i jordbruksområde**

#### ***Regionalt miljøtilskot til soner for pollinerande insekt***

Det kan gis tilskot til skjøtsel av soner som er viktige for ville pollinatorartar. Det kan anten vere ei sone på/ved eit jordbruksareal som aktivt blir sådd med eigna frøblandingar, eller skjøtsel av etablerte areal som har ei blanding med plantar. Sonene må bestå av fleire artar som til saman gir næring for pollinatorar gjennom vekstsesongen. Dersom det blir brukt frøblandingar må dei innehalde ein variasjon av blomsterartar, helst norske artar. Blir det brukt blandingar med

framande artar må dei, etter Artsdatabanken sin oversikt, ikkje medføre potensielt høg risiko for spreiding. Tilskotet blir gitt per meter sone. Breidda på sona må vere minst to meter. Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

#### ***SMIL-midlar til opparbeiding av pollinatorvenlege område***

Kommunen kan løyve SMIL-midlar til å etablere pollinatorvenlege område. Det kan til dømes vere til å plante pollinatorvenlege tre og buskar. Kommunen bør ved løyving sette krav om oppretthald av området i minimum fem år.

### **Strategi 2.3: Informere om betydninga av naturmangfald**

#### ***KMP-midlar til Informasjonstiltak***

Prosjekt med formål om å informere om betydninga av naturmangfald kan finansierast mellom anna via Klima- og miljøtiltaksmidlar (KMP).

#### ***SMIL-midlar til informasjonsskilt***

Kommunane kan løyve SMIL-midlar til skilt, plakatar og liknande i felt for å informere om naturverdiar.

### **Strategi 2.4: Bruke juridiske verkemiddel for å ivareta naturmangfald**

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova er retningsliner for offentleg forvaltning, og skal ligge til grunn i all saksbehandling. Kommunane må vere særleg merksame på oppgjødsling av verdifull utmark med sikte om å auke innmarksarealet, spreiearealet for husdyrgjødsel, søke nydyrking og liknande. Regelverksbrot kan føre til krav om tilbakebetaling av både SMIL og RMP-tilskot.

### Mål 3: Skjøtte kulturminne og kulturmiljø i jordbruket



Jordbruket i Rogaland har røtter mange tusen år tilbake. Jordbruket er derfor ein viktig berar av kulturarv, tradisjon og identitet. Å ta vare på

eit representativt utval av kulturminne og bygningar som er eller har vore knytt til landbruksdrift, er ei prioritert oppgåve. I Rogaland finst det i dag om lag 20 000 automatisk freda kulturminne (det vil seie kulturminne eldre enn 1537 e.Kr) og skjøtsel av areal nært og på automatisk freda kulturminne blir støtta gjennom regionalt miljøtilskot, medan bygningar kan få støtte frå kommunale SMIL-midlar. Gravminne er av særskild betydning og er difor prioriterte for tilskot per enkeltminne.

### Strategi 3.1: Prioritere tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne

#### *Regionalt miljøtilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne (dekar)*

Det kan gis tilskotet per dekar automatisk freda kulturminne inkludert sikringssone. Det må vere minst 15 dekar med registrerte kulturminne for å kunne søke tilskot. Kulturminna må ligge på eller rett ved jordbruksareal. Registreringar på fulldyrka mark som kan haustast på vanleg måte gir ikkje grunnlag for tilskot. I søknaden skal det i tillegg førast opp kor mange ulike lokalitetar det søkjast tilskot til. Ein lokalitet i databasen Askeladden er eit avgrensa område med eit eller fleire enkeltminne. Same kulturminne kan ikkje utløyse to miljøtilskot. Søkarane må velje å anten få tilskot per dekar, eller få tilskot per gravminne.

Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.



Gravhaugar Øvre Mæle i Årdal. Foto: Rogaland fylkeskommune



### **Regionalt miljøtilskot til skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne**

Tilskotet blir gitt per enkeltminne som etter kulturminnelova er eit gravminne. Med gravminne meinast automatisk freda gravhaugar, gravrøyser, gravkammer, steinleggingar, kistegraver og kyrkjegardar. Gravminna kan liggje enkeltvis.

Søkaren må disponere areal der det er minst 3 eller fleire registrerte synlege enkeltminne for å ha rett til tilskot. Kulturminna må ligge på eller rett ved jordbruksareal. Registreringar på fulldyrka mark som kan haustast på vanleg måte gir ikkje grunnlag for tilskot. Same kulturminne kan ikkje utløyse to miljøtilskot. Søkarane må velje å anten få tilskot per dekar, eller få tilskot per gravminne.

Skjøtselen skal vere i tråd med skjøtselråda som årleg blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

**SMIL-midlar til rydding av kulturminne**  
Kommunane kan gi SMIL-tilskot til rydding av vegetasjon slik at kulturminne blir synlege. Kommunen bør avklare tiltaka med Rogaland fylkeskommune.

**SMIL-midlar til informasjonsskilt**  
Det kan gis SMIL-midlar til informasjonsskilt ved kulturminne, gjerne knytt til turstiar.

### **Strategi 3.2. Stimulere til seterdrift**

#### **Regionalt miljøtilskot til drift av seter**

Det kan gis tilskot til drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon. Produksjonsperioden skal vare minst fire veker per sesong. Produsert mjølk skal leverast til meieri eller bli foredla på setra. Produksjonen skal vere minimum 45 liter kumjølk, 25 liter geitemjølk eller 15 liter

sauemjølk i døgnet per seter. Som seter reknast eit produksjonsstad for mjølk med husvære for folk og bufe som berre er eigna for bruk i sommarsesongen og som nyttar eit anna ressursgrunnlag enn areala nær driftssenter.

#### **SMIL-tilskot til restaurering av setermiljø**

Kommunane kan løyve SMIL- midlar til rydding og vedlikehald av setervegar og til utvendig istandsetting av historiske bygningar. Kommunen bør sette vilkår om at området blir skjøtta i minst fem år etter tilskot.



## Mål 4: Gode turopplevingar i kulturlandskapet



Gåturar gjennom jordbrukslandskapet gir gode opplevingar, og er verdifulle både for folkehelsa og befolkninga si oppleving av

jordbruket.

Tilskot til turstiar skal stimulere til, og gi betaling for at jordbruksføretak legg til rette for ferdsel på eigedomen.

Tilrettelegging er med på å styre ferdsla til dei områda grunneigar ønskjer. Slik tilrettelegging kan vere med på å dempe konflikhtar mellom gardsdrift og turgåarar.



Gjerdeklyvar på Ombo. Foto: Birgit S. Hagalid.

### Strategi 4.1: legge til rette for friluftsliv i jordbrukslandskapet

#### **Regionalt miljøtilskot til vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet**

Det blir gitt tilskot til å skjømte turstiar som går på eller rett ved jordbruksareal. Turstien skal vere merka i terrenget og kartfesta på offentleg tilgjengeleg kart. For å utløyse tilskot må stien vere ein del av eit samanhengande turstinnettverk.

#### **SMIL-midlar til opparbeiding av turstiar, parkeringsplassar og skilting**

Det kan løyvast SMIL-midlar til opparbeiding av turstiar og parkeringsplassar og til skilting. Turstiane må ligge i jordbrukslandskapet. Kommunane bør sette vilkår om minimum fem års drift og vedlikehald. Turstiane skal vere merka og kartfesta på offentleg tilgjengeleg kart.

#### **SMIL-midlar til gjerdeklyvarar og hundeportar**

Det kan løyvast SMIL-midlar til gjerdeklyvarar til bruk i turstiar på tvers av landbrukseigedomar. Oppsett av gjerdeklyvarane kan leggst inn i kostnadsgrunnlaget.

#### **SMIL-midlar til fjerning av piggtråd**

Jordbruksføretak kan få SMIL-tilskot til å fjerne piggtråd som blei sett opp før 2010.

#### **SMIL-midlar til utsiktsrydding**

Kommunen kan løyve SMIL-midlar til å fjerne vegetasjon langs turstiar. Det skal ikkje løyvast midlar til å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag.

## Mål 5: God jordhelse

12 ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



God jordhelse betyr at jordas fysiske, kjemiske og biologiske komponentar fungerer godt saman.

God jordhelse inneberer auka vektlegging av livet i jorda, organisk materiale og jordstruktur.

### Strategi 5.1 fremme kunnskapsutvikling

#### *Regionalt miljøtilskot til spreing av biokol*

Det kan gis tilskot til spreing av biokol i open åker. Biokolet skal moldast ned etter spreing. Biokolet skal vere berekraftig framstilt og biokolprodusent skal ha dokumentasjon på produksjonsstad, produksjonsmetode og opphavsmateriale.

### Strategi 5.2. Stimulere til god drift og vedlikehald av jordbruksareal

#### *Tilskot til drenering av jordbruksareal*

Kommunen kan gi tilskot til drenering av tidlegare drenert jordbruksareal. Tilskotet kan gis til systematisk grøfting, usystematisk grøfting, avskjeringsgrøft, omgraving og profilering.

#### *KMP-midlar til informasjon og tilretteleggingsprosjekt for betre jordhelse*

Prosjekt med formål om å auke kunnskapen om jordhelse og legge til rette for tiltak kan finansierast via regionale klima- og miljøtiltaksmidlar (KMP).



Potet dyrka i Sola kommune. Foto: Annabell Pfluger

## Mål 6: Redusert forureining frå jordbruket



Regionalt miljøprogram skal legge til rette for frivillige tiltak slik at påverknaden frå jordbruket på vassmiljø blir

reduert. I Rogaland er avrenning frå jordbruk ei av kjeldene til at mange vassdrag ikkje har god nok tilstand jamfør vassforskrifta. Dette gjeld særleg i dei sentrale jordbruksområda på Jæren og på Haugalandet.



Kantsone i eng. Foto: Nono Dimby

### Strategi 6.1: Hindre erosjon og tap av næringsstoff frå jordbruksareal

#### **Regionalt miljøtilskot til grasdekte vassveggar og grasstriper i åker**

Det kan gis tilskot til fleirårig grasdekke i dråg på åkerareal. Grasdekket skal ha ein breidde på minimum seks meter. Det kan

også gis tilskot for grasdekke på tvers av fallet i lange hellingar. Grasdekke på tvers av fall skal minst vere to meter breitt. Graset skal vere godt etablert om hausten i søknadsåret. Jordarbeiding og såing skal om nødvendig skje mellom 15. februar og 1. juli.

#### **Regionalt miljøtilskot til fangvekst sådd etter hausting**

Fangvekstar er vekstar som blir sådd etter hausting av tidlegkulturar av grønsaker, potet eller rotvekstar for å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta. Det blir ikkje gitt tilskot til gjenlegg, det vil seie at fangveksten er hovudkultur året etter. I nasjonalt miljøprogram og i instruks er bruk av fangvekst sortert som eit tiltak under god jordhelse. I Rogaland, med overvekt av grovfôrproduksjon, er bruk av fangvekst først og fremst eit tiltak for å unngå erosjon.

#### **Regionalt miljøtilskot til kantsone i eng**

Det kan gis tilskot for kantsone i eng langs kanten mot vassdrag. Sona skal ikkje gjødselast eller sprøytast i søknadsåret. Sona må minimum vere seks meter brei, målt frå normalvasstand i vassdraget, der minst fire ligg på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Avstand mellom vassdrag og gjødselriktige kantsone kan ikkje vere meir enn 8 meter. Kantsona skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Fornyng kan skje mellom 1. mars og 1. juli. Søkarar må minimum ha 50 meter kantsone.

Tilskot til grasdekt sone og kantsone i eng kan gis ved alle vassdrag i Jæren vannområde og Haugaland vannområde. I Dalane gis tilskotet til Hellelandsvassdraget og nedre del av Hålandselva. I Ryfylke blir det gitt til Vostervatnet, Nordlandsvatnet, Hetlandsvatnet, Espedalsvassdraget inkludert innløpsbekker.

### **Regionalt miljøtilskot til grasdekte kantsoner i åker**

Det blir gitt tilskot til å etablere og skjøtte grassoner langs vassdrag på teiger med open åker. Sona skal ha ein breidde på minimum åtte meter, målt frå normalvasstand i vassdraget, der minst seks meter ligger på fulldyrka areal. Grassona skal vere fleirårig og skal ikkje gjødslast eller sprøytast. Den skal haustast anten ved slått eller beite. Fornyng kan gjerast mellom 1. mars og 1. juli. Avstanden frå normalvasstand i vassdraget til starten av grassona skal ikkje vere meir enn 8 meter. Søkarar må minimum ha 50 meter grasdekt sone.

### **Regionalt miljøtilskot til Miljøavtale**

I nedslagsfeltet til utvalde vassdrag kan jordbruksføretak teikne miljøavtale for å minske tap av næringsstoff til vassdrag. Miljøavtalen kan tilpassast utfordringane det einkilde vassdraget og består av ei samling av fleire tiltak som går ut over normal drift av jordbruksareal. Gjeldande vassdrag blir annonsert i rettleiinga til regionalt miljøtilskot.

### **SMIL-midlar til hydrotekniske tiltak, reinseparkar, fangdammar og jordvollar**

Det kan gis SMIL-tilskot til å etablere og til å vedlikehalde hydrotekniske tiltak, reinseparkar, fangdammar og jordvollar. Det kan ikkje gis SMIL-midlar til vanleg drenering. Med vanleg drenering meinast tiltak som reduserer overflateavrenning.

### **SMIL-midlar til miljøplantingar**

Det kan gis SMIL-midlar til for å etablere varig vegetasjon som le for å beskytte jordbruksområde, og for å betre klimaet for plantar og husdyr mv. Det kan gis SMIL-tilskot til å plante langs vassdrag for å stabilisere kanten m.m.

### **SMIL-midlar til resirkuleringsanlegg i veksthus**

Det kan gis SMIL-midlar til oppsamling og resirkulering av gjødselvatn i eksisterande veksthus.



Tomatdyrking med renner som samlar opp overskot av gjødselvatn til resirkulering. Foto: Svein O. Grimstad.

### **Strategi 6.2 Stimulere til god bruk av husdyrgjødsel**

#### **Regionalt miljøtilskot til nedlegging av husdyrgjødsel**

Det blir gitt tilskot til spreieing av husdyrgjødsel og biorest ved nedlegging. Med nedlegging meinast bruk av gjødselhandteringsutstyr som legg gjødsla i striper direkte på bakken. Den som søker tilskot skal ha årleg gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar. All bruk av gjødsel skal kome fram av gjødslingsplanen. Det skal maksimalt bli spreidd 6 tonn per spreieing (inkludert vatn). Siste spreiedato på areal det er søkt tilskot til er 10. august. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreieing.

#### **Regionalt miljøtilskot til nedfelling av husdyrgjødsel**

Det blir gitt tilskot til spreieing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling. Med nedfelling meinast bruk av gjødselhandteringsutstyr som anten skyt gjødsla ned i jorda eller utstyr som lager skjære eller fresespor slik at gjødsla blir lagt i rader og innarbeidd i jorda. Søkar om tilskot skal ha årleg gjødslingsplan og

skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar. All bruk av gjødsel skal kome fram av gjødslingsplanen. Det skal maksimalt bli spreidd 6 tonn/dekar per spreieing (inkludert vatn). Siste spreiedato på areal det er søkt tilskot til er 10. august. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreieing.

#### ***Regionalt miljøtilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilkoplingslange***

Det blir gitt ekstra tilskot til dei som bruker tilføringslange ved nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel.

#### ***KMP-midlar til informasjon og tilretteleggingstiltak***

Prosjekt som bidreg til å auke kunnskapen om god bruk av husdyrgjødsel kan finansierast via Klima- og miljøtiltaksmidlar (KMP).

#### **Bruke juridiske verkemiddel**

Rogaland har med sin store husdyrproduksjon store mengder med husdyrgjødsel til disposisjon. Kommunane har ansvar for å føre kontroll av gjødslingsplan og spreieareal for husdyrgjødsel.



Nedlegging av husdyrgjødsel. Foto: Monica Dahlmo

## Mål 7: Klimaomstilling i jordbruket



Klimaomstilling i jordbruket inkluderer lågare klimagassutslepp, auka karbonbinding i jord og tilpassing til nytt klima med

mellom anna endra nedbørsmønster og temperatur.

### Strategi 7.1 Informere og rettleie om klimatiltak i jordbruket

#### **Regionalt miljøtilskot til Klimarådgiving**

Klimaråd er rådgiving frå mellom anna NLR Rogaland og TINE for at gardbrukarane skal finne gode klimaløysningar på eigen gard. Jordbruksføretak kan søke om tilskot i etterkant av utført rådgiving. Saman med søknaden skal dei legge ved kopi av tiltaksplanen, som skal vere underteikna av rådgivaren. Kommunane kan ved kontroll be om å få sjå kvittering for utført klimaråd. Dei som tilbyr klimaråd skal vere godkjend av Landbruksdirektoratet. Så langt er det NLR Rogaland og TINE som tilbyr klimaråd i Rogaland. Klimarådgiving skal innehalde to tema:

- Gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på driftseininga med sikte på å gjennomføre tiltak.
- Vurdering av behov for klimatilpassing

NLR og TINE bruker [klimakalkulatoren](#) for å vurdere potensialet for klimagassreduksjon på gardsbruket. På heim,esida [klimasmartlandbruk.no](http://klimasmartlandbruk.no) er det informasjon om klimakalkulatoren. Så langt er klimakalkulatoren utvikla for produksjonane; mjølk, korn og gris. Dei andre produksjonane vil følge fortløpande.

Klimatilpassing handlar om å kunne møte endringar i klima i gardsdrifta. Det er venta større svingingar i både temperatur og nedbør, og fleire episodar med store nedbørsmengder på kort tid. Handtering av overflatevatn, behov for drenering, avbøtande tiltak som sedimentasjonsdammar, fangdammar, naturbaserte reinseløysningar, vatningsanlegg ved tørke o.l. er aktuelle element i rådgivinga. Rådgivarane skal bruke malen som er utarbeida i fellesskap med Landbruksdirektoratet, og klimarådgivinga skal lede ut i ein tiltaksplan tilpassa den einskilde driftseininga.

#### **SMIL-midlar til tak over gjødsellager**

Kommunane kan løyve SMIL-midlar til dekke over utvendig eksisterande gjødsellager. Det kan både vere permanent tak eller eit dekke som kan fjernast ved behov. Kommunane bør samordne søknadar med Innovasjon Norge som kan gi tilskot til bygging av nye gjødsellagre og til tak over lager.

#### **KMP-midlar til informasjon- og tilretteleggingsprosjekt for klimaomstilling i jordbruket**

Prosjekt med som bidreg til å legge til rette for klimaomstilling i jordbruket kan finansierast mellom anna via Klima- og miljøtiltaksmidlar (KMP).

## 5 Kort omtale av jordbruket i Rogaland

Jordbruksarealet utgjør om lag 11,4 prosent av landarealet i Rogaland. I 2021 var det 4200 jordbruksforetak i fylket. Tal dyrka jord i drift har vore stabilt dei siste 20 åra, men tal jordbruksforetak har gått vesentleg ned.

Arealtype	Dekar	%
Jordbruksareal ▲		
Fulldyrka	555 685	5,9
Overflatedyrka	31 186	0,3
Innmarksbeite	478 622	5,1
Skog ▲		
Produktiv skog	1 535 090	16,4
Uproduktiv skog	1 001 175	10,7
Bebyggelse/samferdsel	280 049	3
Annet markslag ▼	3 953 600	42,2
Ikke kartlagt ▼	1 540 679	16,4
<b>Sum</b>	<b>9 376 086</b>	<b>100</b>


*Kilde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2021, NIBIO*

Figur 3. Oversikt over arealtypar i Rogaland. Kjelde: Arealressurskart 2021. NIBIO

Jordbruksareala blir hovudsakleg brukt til grasproduksjon, og korn- og potetarealet er redusert samanlikna med 2001. Nær halvparten av jordbruksarealet er innmarksbeite, areal som ikkje kan haustast maskinelt, og som må bli beita for å haldast i hevd.


Rogaland har omfattande husdyrproduksjon. Nær 20 prosent av alle mjølkekyr og sau held til i fylket. For dei kraftfôrkrevjande produksjonane, svin og fjørfe, har Rogaland om lag 30 prosent av produksjonen i Noreg.

Trenden er at Rogaland har fått ein større del av nasjonal produksjon dei siste 20 åra, sjå figur 4. Rogaland er det fylket som i 2021 hadde flest sau, slaktegris, slaktekylling og verpehøns.




Figur 4. Oversikt over bruk av jordbruksareal. Kjelde: Produksjonstilskot 2021. Landbruksdirektoratet






Figur 5. Slakt levert til slakteri 2019–2021. Kjelde: *data.norge.no – datasett leveranser til slakteri i landbruket 2019–2021.*



Figur 6. Mjølk og egg levert til meieri og eggpakkeri. Kjelde: *data.norge.no – datasett leveranser til eggpakkeri og meieri i landbruket 2019–2021.*


Produksjonen av økologisk mat er svært liten i Rogaland, og det er berre Oslo som har mindre økologisk godkjend areal enn Rogaland.

## 5.1 Nokre figurar om jordbruket i Rogaland




Rogaland har trass gode klimatiske tilhøve liten økologisk produksjon

### Endring i antall foretak og dyr i ROGALAND fra 2001 til 2021



Det har vore auke i kraftfôrkrevjande produksjonar

### Endring i antall foretak og areal i ROGALAND fra 2001 til 2021



Det same jordbruksarealet blir drifta av færre føretak

## 5.2 Beitebruk

Det er sterk tradisjon for heiasending (utmarksbeite). I Rogaland er om lag 38 prosent av tal sau og lam knytt til eit organisert beitelag, og om lag 32 prosent av totalt landareal blir brukt av beitelaga. I følgje NIBIO si kartlegging av beiteressursar er det ikkje ledig beitekapasitet på utmark i fylket. Berekninga bygg på totalt dyretal og utmarksareal, og ei feilkjelde er stor bruk av blanda beite.

Spesielt for Rogaland er mykje «heimabeite». Mykje av sauene går anten på reine innmarksbeite, eller på blanda beite der dei vekslar mellom gjødsla innmarksbeite og utmark. Innmarksbeita utgjer 44 % av jordbruksarealet i fylket, og med 22 % av innmarksbeita i Noreg er Rogaland beitefylke nr. 1. Beita utgjer ein svært viktig fôrressurs, og er også viktige som spreieareal for husdyrgjødsel. Forsøk viser variasjonar frå 100 f.e. per dekar på dårlege beite og opp til godt over 1000 f.e. per dekar i toppåra på gode beite (<https://rogaland.nlr.no/fagartikler/kulturbeiter-avlingsvariasjon/>)

Til høyring

## 6 Jordbruket i Rogaland sine miljøutfordringar

### 6.1 Produksjonsgrunnlaget

#### 6.1.1 Styrke jordvernet

Ein stor del av jordbruksareala i Rogaland ligg nær by og tettstad. Tap av jordbruksareal til andre føremål som veg, næring og busetnad er ei stor utfordring. Bøndene har avgrensa moglegheit til å kompensere for jordtap med nydyrking, og nydyrking kjem fort i konflikt med naturverdiar. Det er vedtatt ein regional jordvernstrategi i Rogaland med mål om å avgrense tapet av jordbruksareal. Den beste jorda bør ha best vern, og det gjeld mykje av jorda i Rogaland. Jordvern handlar også om å bevare strukturen for dei areala som skal drivast vidare, slik at bøndene får driftsmessige gode løysningar. Store avstandar og fragmentert drift er ein vesentleg kostnadsdrivar for bøndene.

#### 6.1.2 Halde areala i hevd

Utviklinga går mot færre bønder, større buskaper og større del leigejord. Det å ha bønder som vil og som finn økonomi i å drive jordbruksproduksjon er avgjerande for å halde produksjonsgrunnlaget i hevd. 36 prosent av jordbruksarealet i drift er leigejord. Gode og ryddige leigeavtalar der det går fram kven som har ansvaret for vedlikehald av jorda er viktig. Oppsyn med beitedyr og gjerdehald på areal langt unna driftssenter er meir krevjande. Gode gjerde er essensielt, og her er utfordringa passive grunneigarar, samarbeid, og gjerdekostnadar.

Det er i enkelte område også attgroingsareal i Rogaland, og fleire stader er kvaliteten på beita for dårleg. Færre driftssenter med dertil aukande avstandar er ei utfordring for god utnytting av beita. Mesteparten av fulldyrka og overflatedyrka jord og ein stor del av innmarksbeita blir brukt som spreieareal for husdyrgjødsel. Skal areala nyttast fullt ut som spreieareal er god produksjon nødvendig for å utnytte tilførte næringsstoff. Ein stor del av jordbruksareala har noko låg kalktilstand, og kan med fordel kalkast for å optimalisere produksjonsforhalda. Jordpakking og mangelfull drenering er også sentrale utfordringar.

### 6.2 Naturmangfald

#### 6.2.1 Arealbruksendringar

I Rogaland er det kamp om areala, og auka matproduksjon kan gå ut over det biologiske mangfaldet. Særleg Jæren er i dag dominert av aktivt drive jordbruksareal, med stor del dyrka mark og innmarksbeite. I dette intensivt drive jordbrukslandskapet er det mindre innslag av restareal og ekstensive landbruksareal. Desse areala har viktige funksjonar som t.d. leveområde for artar, spreingskorridorar for artar, flaumdemping, vassreinsing med meir. Restareala omfattar både område registrerte og definerte som viktige naturtypar og meir «kvardagsnatur» som skogholt, kantsoner, open fastmark og liknande. Summen av endringar knytt til landbruksdrift, massefyllingar, tettstadsvekst, vegbygging m.m., har ført til


tap av naturverdiar. Arealbruksendringar er samla sett den største utfordringa for naturmangfald.

### 6.2.2 Skjøtselsavhengige naturtypar og artar

Fleire artar favoriserer driftsmetodar som ikkje lenger er vanleg i jordbruket, og fleire typar kulturlandskap er på raudlista for naturtypar. Til dømes seminaturleg eng, både som naturbeitemark og slåttemark, slåttemyr, kystlynghei og semi-naturleg strandeng. Naturbeitemark (VU) er også ein svært utsett naturtype i Rogaland. Felles for desse kulturlandskapa er at dei er lite gjødselpåverka, samstundes som dei er avhengige av skjøtsel. Det er store mengder husdyrgjødsel tilgjengeleg i Rogaland, og ei av dei store utfordringane i Rogaland er å ta vare på desse artsrike landskapa og halde gjødselpåverknaden nede. Det er ei utfordring for naturmangfaldet at innmarksbeiteareala blir utvida ved gjødsling. Regelverket for å handtere oppgjødsling av nye areal er mangelfullt, og aktiv opparbeiding av utmark til innmarksbeite er ikkje likestilt som nydyrking som krev førehandsgodkjenning. Frykt for innstrammingar i regelverket for spreieareal for husdyrgjødsel verkar forsterkande.

### 6.2.3 Mangfald i landskapet

Variasjon i landskapet fremmer naturmangfaldet. Ein mosaikk med jordbruksareal, kantsoner, skog, beite, villeng, m.m. gir ei fordelaktig romleg fordeling og variasjon i arealtypar. Intensivering av jordbruksdrifta med større samanhengande jordteigar, færre skogholt, kantsonar mv. påverkar denne romlege fordelinga. Til dømes er humler og andre pollinerande insekt knytt til ein bolplass. Dersom det er for stor avstand til pollen og nektarressursar frå bolplassen, vil humlene ikkje trivast og overleve. Mindre variasjon i arealtypar og type jordbruksproduksjon gir mindre artsdiversitet og omfang. Landskapsovervåkinga i regi av NIBIO viser reduksjon i vegetasjonslinjer, åkerholmer og ruvande trær. Gjennomsnittleg teigstorleik er aukande i Rogaland. På Jæren er gjennomsnittleg teigstorleik 18 dekar og har auka med fem prosent (over 5 år). Rogaland har over halvparten av steingjerda NIBIO har registrert ut frå flyfoto. Ønske om meir rasjonell jordbruksdrift fører til fjerning av steingjerde, og NIBIO har registrert ein nedgang i tal meter steingjerde på 2,2 prosent over ein femårsperiode.




Figur 7 Utvikling i meter steingjerde per 1000 dekar jordbruksareal. Kjelde: NIBIO

## 6.3 Klimaomstilling

Klimaomstilling omfattar reduksjon av klimagassutslepp, klimatilpassing og karbonbinding i skog, jord, myr og hav. Klimaendringane er ei av verdas største miljøutfordringar, og vil krevje stor merksemd i åra framover. Mange kommunar i Rogaland manglar oppdaterte planar for klimaomstilling, og fleire kommunar vel å ha sine klimaplanar som ein temaplan i staden for kommunedelplan.


### 6.3.1 Klimagassutslepp og karbonbinding

Klimagassutsleppa frå jordbruket i Rogaland er vist i Figur 8. Oversikt over klimagassutslepp frå jordbruket i Rogaland. Kilde: Miljødirektoratet.no Dei største utsleppa er knytt til fordøyingsprosesser hjå husdyr.



Figur 8. Oversikt over klimagassutslepp frå jordbruket i Rogaland. Kilde: Miljødirektoratet.no

Hovudutfordringa i Rogaland er å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket utan å redusere bruken av jordbruksareala, og bruken av dei vekstane Rogaland har produksjonsføresetnadar for. Nær halvparten av jordbruksarealet i Rogaland er innmarksbeite der det ikkje er mogleg å dyrke åkervekstar. Her veks det gras som må gå gjennom beitedyr for å resultere i matproduksjonen. Det er derimot potensial for meir produksjon av frukt, grønnsaker og potet på fulldyrka jord i store delar av fylket. Grøntproduksjonen er marknadsstyrt, og vekstskifte frå grasproduksjon til frukt, potet- og grønnsaksproduksjon er avhengig av moglegheiter for omsetning i marknadskanalane.



Figur 9. Potensialet for gulrotproduksjon på Jæren. Henta ut frå NIBIO sitt kartverktøy Kilden. [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no)

Rogaland har ei sentral rolle i norsk matvareforsyning, og produserer kjøtt utover behovet for eigen befolkning. Eventuell reduksjon i klimagassutslepp frå fordøyingsprosessar må sjåast i nasjonal samanheng. Endringar i kosthald og etterspurnad vil påverke kjøttproduksjonen på nasjonalt nivå, men kvar reduksjonen vil skje er uvisst. Relativt korte avstandar mellom gardsbruk og slakteri kan saman med sterke produksjonsmiljø, motverke reduksjonar i kjøttproduksjonen i Rogaland.

Det største regionale handlingsrommet ligg i karbonbinding og reduksjon av klimagassutslepp frå bruk og lagring av gjødsel. Myr inneheld store mengder organisk bunden karbon, og det er ei utfordring at myr blir omdisponert til andre arealformål, inkludert innmarksbeite. Det er framleis få biogass-anlegg i Noreg. Utfordringa er å få økonomisk lønnsam drift av biogass-anlegga i tillegg til å finne løysningar for handtering av biorest.

### 6.3.2 Klimatilpassing

Med klimatilpassing meinast planlegging og gjennomføring av tiltak for å handtere naturfare som flaum, ras og stormflo, og meir gradvise påverknadar som klimaendringane gir. [Rogaland har regionalplan for klimatilpassing 2020–2050](#) som er ein overordna strategisk plan for klimatilpassingsarbeidet. For jordbruket vil dei største klimatiske utfordringane vere endringar i nedbørsmønster og temperatur, som auka fare for flaum og tørke. Fleire episodar med kraftig nedbør er sannsynleg, og kan føre til auka fare for erosjon og tap av

næringsstoff. Jordbruket må også vere budde på fleire tørkeepisodar og auka behov for vatning for å redusere avlingstap.

#### 6.4 Vassmiljø

Jordbruket påverkar vassmiljøet gjennom tilføring av næringsstoff, tap av jord og sediment som slammar til botnforholda, gjennom at elve- og bekkeløp er endra for å rasjonalisere landbruksdrifta, ved at plantevernmidlar hamnar på avvege og ved forsøpling, til dømes plast. Hovudutfordringa i Rogaland er tap av næringsstoff som gir eutrofiering av vassdrag. Klimaendringa, med varmare vatn og lengre vekstsesong, kan forsterke effektane av overgjødsling i form av auka algevekst.

Det er vassdraga i Haugaland vannområde og Jæren vannområde som er mest påverka av jordbruk. I Rogaland er det grasproduksjon på om lag 95 prosent av jordbruksareala. Grasproduksjon er gunstig sett i forhold til tap av næringsstoff fordi gras bind jord godt og reduserer erosjonsfaren. Gras har dessutan lang vekstsesong med opptak av næringsstoff over tid. I grasområda er diffus avrenning frå jord med høgt fosforinnhald og tap i samband med gjødsling hovudutfordringa. Stofftapet skjer i hovudssak via grunnvatn og grøftevatn ut i vassdraga.

Dei største tilføringane av næringsstoff til jordbruksareal skjer gjennom bruk av husdyrgjødsel. Den store husdyrproduksjonen i fylket gir betydelege mengder husdyrgjødsel. God bruk og lagring av husdyrgjødsel er difor svært sentralt for å redusere tap av næringsstoff både til luft og til vatn.

Der det er produksjonar som krev open åker er erosjon av jordbruksareala utfordrande. All annan graveaktivitet på næringsrike areal vil også gi erosjon og jordtap. Påverknaden frå graveaktivitet på jordbruksareal er ikkje estimert. Kantererosjon i vassdrag kan stå for betydelege tilføringar av sediment. Mange vassdrag i jordbruksområda har ikkje trær i kantvegetasjonen. Mangel på trær gir auka solinnstråling og høgare temperatur i vassdraga. Trær har også betyding for stabilisering av bekkkantane mot utrasing, og røter gir variasjon og skjul for fisk og andre levande vassorganismar.

Punktutslepp i jordbruket er regulert i regelverk, men framleis er tap av næringsstoff gjennom punktutslepp ei utfordring. Årleg registrerast det punktutslepp frå jordbruket som mellom anna skuldast svikt i bygningsmasse, manglande oppsamling av silosaft med meir. Tap av vatn frå landbruksbygg, t.d. mjølkeromsavløp, gjødslingvatn frå veksthus, vaskevatt frå fjørfehus, lekkasjar frå utandørs lagring av gjødsel og liknande kan stå for tilføring av betydelege mengder næringsstoff.

[I regionalplan for vannforvaltning 2022–2027](#) er utfordringane for vassmiljø omtalt med tilhøyrande tiltak.

#### 6.5 Tap av kulturverdiar



### 6.5.1 Seterbruk

Støling har vore vanleg i hei- og fjellområde i Rogaland. Det er spor etter høyløer og takketufter. Dateringar vitnar om bruk allereie i jernalderen. Slåtteseterbruken har vore dominerande. Det var viktigare å sanke fôr til dyra enn å foredle mjølk på stølen (kjelde: rapport om kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland. Riksantikvaren 2021). I dag har Rogaland berre eit jordbruksføretak som søker regionalt miljøtilskot til mjølkeproduksjon på seter.

### 6.5.2 Landskap

Landskapet har alltid vore i endring, men no skjer endringane raskare enn nokon gang. Arealinngrep kan endre landskapet betydeleg, men også stans i drift og attgroing har store påverknadar på landskapet. Riksantikvaren har valt ut 19 landskap i Rogaland, KULA-område, til å vere av nasjonal interesse, sjå figur 6.

Til høyring



Figur 10. Kart over KULA-område i Rogaland

## 6.6 Økologisk produksjon

Utviklinga av tal økologiske bruk og areal har vore positiv i seinare tid, men er framleis på eit lågt nivå (under 1 %). Store bruk, auka spesialisering, press på areal, mykje leigejord og haldningar i landbruksmiljøet kan vere hindring å legge om til økologisk. Det manglar også mottaksledd for ein rekke produksjonar. Det økologiske landbruket sitt bidrag for både

berekraftig bruk av naturressursane, dyrehelse og «bondehelse» blir ikkje nok verdsett av landbruksnæringa. Uvisse rundt omsetting av økologiske produkt er utfordrande, og gjer det vanskeleg å motivere bønder til å starte med økologisk produksjon.

## 6.7 Regenerativt landbruk

[Regenerativt Norge definerer](#) regenerativt landbruk slik: *Å muliggjøre høyeste tenkelige vitalitet i økosystemene, samtidig som menneskelige behov tilfredstilles effektivt.*

Regenerativ landbruk er ei tilnærming til mat og jordbrukssystem som går ut på bevaring og rehabilitering av jordsmonnet. I Rogaland er det aukande interesse omkring regenerativt landbruk, men det er framleis få som driv etter regenerative prinsipp. Prisveksten på mineralgjødsel og kraftfôr har fått fleire til å søkje ny kunnskap om korleis drive gard med mindre bruk av eksterne innsatsmiddel.

Til høyring

